



Fylkesmannen i Vestland

TILSYNSRAPPORT

Barnehagelova § 19 g

Individuelt tilrettelagt
barnehage tilbud for barn med
nedsett funksjonsevne

Hyllestad kommune

Bergen, 24. mars 2020

Samandrag

Vi fører tilsyn med Hyllestad kommune. Temaet for tilsynet er kommunen si plikt til å sikre at barn med nedsette funksjonsevne får eit eigna individuelt tilrettelagt barnehagetilbod. Under dette temaet kontrollerer vi kommunen si plikt til å gjere vedtak om tilrettelegging etter barnehagelova § 19 g, jf. forvaltningslova §§ 2, 18, 19, 24, 25 og 27 og Barnekonvensjonen art. 3.

Formålet med tilsynet er å kontrollere om kommunen sikrar at barn med nedsett funksjonsevne i barnehagen kan ta i bruk barnehagetilbodet sitt på lik linje med andre barn.

Tilsynet har avdekt brot på plikta til å gjere vedtak om tilrettelegging av barnehagelova § 19 g.

Kommunen fekk ein førebels tilsynsrapport og har uttalt seg. Kommunen hevder at deira praksis er i tråd med omsynet til barnets beste, og meiner at lovbrota allereie er ordna. Fylkesmannen held likevel fast ved lovbrota i den førebelse rapporten, da kommunen ikkje har sannsynleggjort at lovbrota er retta. Det er ikkje sannsynleggjort at kommunen har ein innarbeidd praksis i tråd med lova. Vi gjer no vedtak med pålegg om retting. Kommunen har rettefrist til 19. juni 2020.

Innhold

1	Innleiing.....	4
2	Om tilsyn med Hyllestad kommune.....	4
2.1	Temaet for tilsynet	4
2.2	Om gjennomføringa av tilsynet	4
3	Vedtak om individuell tilrettelegging.....	5
3.1	Rettslege krav	5
3.2	Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar	5
4	Informasjon om klagerett og innsyn	6
4.1	Rettslege krav	6
4.2	Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar	6
5	Våre reaksjonar.....	7
5.1	Pålegg om retting.....	7
5.2	Oppfølging av pålegga	7
6	Kommunen har rett til å klage.....	7

1 Innleiing

Vi fører tilsyn med kommunen som barnehagemyndigheit, jf. barnehagelova § 9 første ledd, jf. kommunelova kapittel 30.

I tilsyn kontrollerer vi om barnehagemyndigheita oppfyller barnehagelova med forskrifter. Dersom barnehagemyndigheita ikkje følgjer regelverket, kan vi påleggje retting.

Våre tilsyn er offentleg myndigheitsutøving, noko som inneber at vi skal gjennomføre tilsynet i samsvar med reglane i forvaltningsretten og offentleglova. I tilsynet behandlar vi personopplysningar. Les meir om vår behandling av personopplysningar på [www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/](http://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/tilsyn/).

2 Om tilsyn med Hyllestad kommune

2.1 Temaet for tilsynet

Tilsynet har undersøkt om kommunen som barnehagemyndigheit sikrar at barn med nedsett funksjonsevne får eit eigna individuelt tilrettelagt tilbod i barnehagen, jf. barnehagelova § 19 g, jf. forvaltningslova §§ 2, 18, 19, 24, 25 og 27, og Barnekonvensjonen artikkel 3.

For å kontrollere om plikta er oppfylt vurderast følgjande:

- Kommunen sine vedtak etter barnehagelova § 19 g

2.2 Om gjennomføringa av tilsynet

Vi opna tilsyn med Hyllestad i brev frå 9. januar 2010. Kommunen vart pålagd å levere dokumentasjon til oss. Vi har fått dokumentasjonen for å gjennomføre tilsynet. Fylkesmannen sine vurderingar og konklusjonar er basert på den skriftlege dokumentasjonen vi har fått av kommunen. Følgjande dokument inngår i dokumentasjonsgrunnlaget for tilsynet:

- Eigenvurderingar i RefLex¹, svar på spørsmål 1.9 til og med 1.24, med unntak av spørsmål 1.15, 1.16, 1.17, og 1.19.
- Hyllestad har gitt ei lang utgreiing om praksis under det eine spørsmålet i reflex

Temaet for tilsynet er kommunen si plikt til å sikre at barn med nedsette funksjonsevne får eit eigna individuelt tilrettelagt barnehagetilbod. Under dette teamet kontrollerer vi kommunen si plikt til å gjere vedtak om tilrettelegging etter barnehagelova § 19 g, jf. forvaltningslova §§ 2, 18, 19, 24, 25 og 27 og Barnekonvensjonen artikkel 3. Vi har ikkje sett på korleis de oppfyller andre krav i regelverket. I denne rapporten presenterer vi våre førebelse vurderingar og konklusjonar.

¹ <https://reflex.udir.no/egenvurdering/info/Egenvurdering>

3 Vedtak om individuell tilrettelegging

3.1 Rettslege krav

Vedtaket skal gjerast uavhengig av om vurderinga ender med innvilge eller å avslå. I vedtaket skal kommunen ta stilling til om barnet har nedsett funksjonsevne, og om den nedsette funksjonsevna gjer at barnet ikkje kan delta i barnehagen på lik linje med andre barn, jf. barnehagelova § 19 g, jf. forvaltningslova §§ 24 og 25 og barnekonvensjonen artikkel 3. Dette inneber ei konkret og individuell vurdering av barnehagetilbodet, barnet si funksjonsevne og tilpassingsbehov, og korleis barnehagetilbodet kan leggjast til rette for å avhjelpe barnet sitt behov. Det skal gå fram av vedtaket kva for tilrettelegging som blir gitt og varigheita og omfanget av tiltaket. I vedtak om avslag skal kommunen gi ei grunngiving som viser kvifor barnet ikkje har rett til individuell tilrettelegging.

3.2 Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar

a) Gjer kommunen vedtak om individuell tilrettelegging i barnehagen?

Observasjonar

I RefLex svarar kommunen Nei på spørsmålet om dei gjer vedtak når dei gir individuell tilrettelegging for et barn i barnehagen. I Reflex skriv kommunen eit utfyllande svar om sin praksis i eit større perspektiv. Det står blant anna at kommunen har etablert praksis med tidleg innsats i barnehagen. Barn som er i ei «gråson» blir drøfta internt i barnehagen, nokon gongar også (som case) i tverrfagleg møte, og ein har sjølv sagt tett dialog med føresette. Slike drøftingar har leia fram til ulike typar tilrettelegging, utan at det blir gjort vedtak om spesialpedagogisk hjelp, eller tilrettelegging etter bhl. § 19 g. I RefLex skriv kommunen at ei sak vart vurdert etter bhl. § 19 a men at det er mogleg at kommunen også burde gjort ei vurdering etter bhl. § 19 g. Kommunen skriv at dei har fått på plass rutinar for å fatte vedtak hausten 2019, men at det til no ikkje har fatta vedtak etter bhl. § 19 g.

Vurderingar

Kommunen erkjenner i RefLex at dei ikkje har gjort vedtak etter bhl. § 19 g der dei kanskje burde gjort det. Fylkesmannen er einig i dette. Prosessen som vart sett i gang rundt det nemnte barnet, slik Fylkesmannen les det kommunen skriv, var individualisert i så stor grad at vi vurderer det som noko utanfor det ordinære barnehagetilbodet. I ein slik situasjon burde kommunen gjort vedtak etter bhl. § 19 g. Kommunen informerer om at dei har innført rutinar for vedtak etter bhl. § 19 g, men ettersom det på noverande tidspunkt ikkje er gjort noko vedtak vurderer Fylkesmannen at kommunen ikkje oppfyller lovkravet.

Konklusjon

Fylkesmannen konkluderer med at kommunen ikkje oppfyller vilkåret i barnehagelova § 19 g andre avsnitt.

Ettersom det ikkje er gjort vedtak etter barnehagelova § 19 g kan ikkje Fylkemannen ta stilling til om det er brot på grunngevingsplikta, jf. forvaltningslova §§ 24 og 25, eller brot på plikta til å ta omsyn barnet sitt beste, jf. barnehagelova § 19 g, jf. barnekonvensjonen artikkel 3.

4 Informasjon om klagerett og innsyn

4.1 Rettslege krav

I vedtaka må kommunen informere om retten til å klage, klagefrist, klageinstans og om at klagen skal sendes til kommunen, samt om retten til å sjå dokumenta i saka, jf. forvaltningslova § 27.

4.2 Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar

b) Inneheld enkeltvedtaket informasjon om klagerett, klagefrist, klageinstans og informasjon om at klagen skal sendast til kommunen?

Observasjonar

I RefLex svarar kommunen at dei brukar ein mal som inneheld informasjon om klagerett, og at sakshandsamar fyller inn kven som er klageinstans. Malen er lagt ved i Reflex.

Vurderingar

Fylkesmannen vurderer at malen inneheld utfyllande informasjon om moglegheita til å klage.

Konklusjon

Kommunen oppfyller krava i forvaltningslova § 27 tredje avsnitt.

c) Inneheld enkeltvedtaket informasjon om retten til å sjå saka sine dokumenter?

Observasjonar

I RefLex svarar kommunen Ja på spørsmålet og viser til malen «melding om rett til å klaga over eit forvaltningsvedtak». I malen står det mellom anna «Med visse avgrensingar har du rett til å sjå saksdokumenta. Reglane om dette finst i forvaltningslova §§ 18 og 19. Du må i så fall vende deg mot oss».

Vurderingar

Fylkesmannen vurderer at kommunen har praksis for å informere om retten til å sjå saka sine dokument.

Konklusjon

Kommunen oppfyller krava i forvaltningslova § 27 tredje avsnitt.

5 Våre reaksjonar

5.1 Pålegg om retting

I kapitla ovanfor har vi konstatert at Hyllestad kommune ikkje oppfyller regelverket på alle område. Vi pålegg kommunen å rette opp følgjande, jf. kommunelova 30-4:

Vedtak om individuell tilrettelegging

1. Kommunen oppfyller ikkje vilkåret i barnehagelova § 19 g andre avsnitt.
 - Kommunen må gjere vedtak om tilrettelegging av barnehagetilbod til barn med nedsett funksjonsevne.

5.2 Oppfølging av pålegga

Kommunen skal setje i verk tiltak for å rette brot på regelverket straks. Når pålegga er retta, skal de erklære at rettinga er gjennomført og gjere greie for korleis de har retta.

Fristen er 19. juni 2020. Vi vil ikkje avslutte tilsynet før de gjennom erklæringa og utgreiinga har vist at pålegga er retta.

6 Kommunen har rett til å klage

Tilsynsrapporten er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 bokstav b. Kommunen kan klage på enkeltvedtaket.

Dersom de klagar, må de gjere det innan tre veker. Fristen gjeld frå beskjed om at brevet har komme fram til dykk, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29. De sender klagen til oss. Vi har moglegheit til å endre vedtaket. Dersom vi ikkje er einige med dykk, sender vi klagen til Utdanningsdirektoratet som avgjer saka.

I forvaltningslova § 32 kan de sjå korleis de skal utforme klagen.

Kommunen kan be om at vi ikkje set i verk vedtaket før klagefristen er ute, eller klagen er endeleg avgjord av Utdanningsdirektoratet, jf. forvaltningslova § 42.

Kommunen er part i saken og har rett til innsyn i saksdokumenta, jf. forvaltningslova § 18.

Line Sperre

Julie Daae

Tilsynsleiar

Rådgjevar